



ØRSTA KOMMUNE

Dalevegen 6
6153 ØRSTA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjarne Otnes, 71 25 85 75

Tilleggsvurderingar knytt til lokal aksept for oppstart av arbeid med verneplan for Sunnmørsalpane i Ørsta kommune

Vi viser til vårt brev av 25.10.2022, der vi inviterer Ørsta kommune til å gi aksept for at Statsforvaltaren startar opp arbeidet med ein verneplan for Sunnmørsalpane. Invitasjonen var lagt fram for kommunestyret 3.11.2022, sak PS 79/22, og etter drøfting vart saka utsett til neste møte.

Kommunen sitt utsettingsvedtak gav inga bestilling på kva ein ønskja framlagt som grunnlag for handsaming i neste møte. Ut i frå debatten og seinare samtaler med kommunen sin administrasjon oppfattar vi at kommunestyret ønskjer å få eit betre bilde av kva omfang kommunen sin medverknad i verneplanarbeidet vil kunne få. Vi har difor i det følgjande prøvd å konkretisere dette, saman med nokre element frå debatten vi også ønskjer å kommentere før kommunestyret tar stilling til invitasjonen.

Kommunen sin medverknad

Vi vil først understreke at regjeringa legg stor vekt på at Statsforvaltaren må sikre kommunal og annan lokal medverknad i prosessen med å vurdere eit mogleg vern av mellom anna Sunnmørsalpane. Kommunen har ei viktig rolle som formidlar av lokal kunnskap om kandidat-området, og som ein viktig premissleverandør for avgrensing og utforming av verneforslaget. Vidare vil medverknad frå kommunen i ulike samanhengar gi eit godt grunnlag for kommunen si eiga vurdering av verneforslaget når det kjem på høyring og skal leggjast fram for aktuelle politiske organ. Dette vil særleg gjelde å fange opp stemningane og viktige problemstillingar på t.d. folkemøte, bygdemøte og anna.

Statsforvaltaren ser det difor som nært på umogleg å gjennomføre ein prosess for å vurdere vern av Sunnmørsalpane utan at kommunen er aktivt med i arbeidet.

Kommunen sin ressursbruk

Framdrifta i verneplanarbeidet, og omfanget av kommunen si deltaking i prosessen, kan tilpassast kommunen sin kapasitet. Alt «produksjonsarbeid» vil skje hos Statsforvaltaren. Som eit utgangspunkt kan ein sjå for seg at prosessen vil gå over 2-3 år. Det bør difor ligge til rette for at arbeidet ikkje treng legge mykje beslag på ressursar som kommunen normalt ville prioritere til andre oppgåver.



På svært laust grunnlag kan vi sjå for oss ei grov oversikt over aktuelle aktivitetar der kommunen ville vere ein naturleg part å ha med:

Folkemøte ved oppstart med informasjon om verneplanarbeidet og prosessen	1 møte
Grunneigarmøte med drøfting av grensdragingar og ulike problemstillingar	4 - 6 møte
Referansegruppemøte utforming av verneforslag	4 - 6 møte
Diverse synfaringar	2 - 4 dagar
Arbeidsmøte kommuneadministrasjon og Statsforvaltaren	4 - 8 møte
Folkemøte ved høyring av verneforslag	1 møte
Saksframlegg og møte ved høyring (formannskap og kommunestyre)	2 møte
Etterarbeid etter høyring - administrasjon og Statsforvaltar	2 møte

I oversikta er dei aktivitetane der Statsforvaltaren er mest avhengig av direkte dialog med kommunen markert med feit skrift. Ser vi bort frå den politiske handsaminga av høyringsframlegget, som bør reknast for obligatorisk uavhengig av om kommunen elles deltar i verneplanarbeidet, dreier det seg om 10-12 møte som absolutt minimum bidrag frå kommunen. I tillegg ser vi kommunen som ein viktig deltakar i referansegruppa, og vi nærmar oss i så fall 15 møte. Om vi føreset 1 representant frå kommunen på kvart møte og eit halvt dagsverk pr. møte kjem vi ut med **eit minste bidrag frå kommunen fordelt over 2-3 år på 6-8 dagsverk**. Eit grovoverslag på **ei stor deltaking kan avrunda vere t.d. 30 dagsverk fordelt over 2-3 år**. (25 møte, eit par synfaringsdagar og i snitt to deltakarar frå kommunen). I tillegg vil det normalt vere behov for interne avklaringsdrøftingar i kommunen undervegs. Vi har ikkje god nok kjennskap til korleis kommunen er organisert til å seie noko konkret om omfanget her. Arbeid med saksframlegg og handsaming under høyringa vil kommunen også vere best til å vurdere.

Ressursgevinst for kommunen av utgreiingar i verneplanarbeidet

Ein viktig del av verneplanarbeidet vil vere å arbeide fram kunnskapsgrunnlag om verneverdiar og brukarinteresser i området, og vurdere verknader for ulike tema. Dekningsområdet vil femne om større areal enn dei som konkret blir lagt inn i eit eventuelt verneområde. Dette er kunnskapsgrunnlag som blir allment tilgjengeleg, og kan inngå som underlag for kommunen si arealforvaltning.

Delar av området vil bli naturkartlagt, mest sannsynleg område som er kulturpåverka eller som ut i frå andre forhold blir vurdert som interessante. Ei totalkartlegging er ikkje aktuelt. Saman med eksisterande kunnskap vil det bli utarbeidd ein eigen temarapport om naturverdiar. I tillegg vil det bli utarbeidd fleire andre temarapportar. Dette kan t.d. omfatte landbruk, kulturminne og kulturlandskap, reiseliv, friluftsliv og landskapsanalyser. Potensialet for t.d. råstoffutvinning og energiproduksjon vil også bli drøfta på grunnlag av tilgjengeleg kunnskap hos fagdirektorata, men egne temarapportar er ikkje truleg.

Kva dette vil bety av innsparingar for kommunen når Ørsta skal i gong med revisjon av kommuneplanen er det vanskeleg for oss å vurdere.

Økonomisk bidrag for inndekning av kommunen sin ressursbruk

Statsforvaltaren ser to moglege kjelder til økonomisk bidrag til kommunen for å dekke opp for kommunen sin ressursbruk i verneplanarbeidet. For begge er det usikkert om det er rom for å prioritere slikt bidrag. Dette gjeld særleg dersom kommunen sin medverknad blir heldt på eit minimumsnivå som vanskeleg kan seiast å påføre kommunen arbeid ut over det ein bør forvente at kommunen må ha av kapasitet til å svare ut ulike saker av noko betydning frå ulikt hald.




- Tildelte prosessmidlar frå Miljødirektoratet sine løyvingar til verneplanarbeid. Statsforvaltaren har frist til 10. januar med å melde inn behov for finansiering av arbeidet med Sunnmørsalpane. Vi får normalt tildelingane i februar. Ut i frå dei uformelle tilbakemeldingane vi så langt har fått frå direktoratet er det svært usikkert om det er rom for bidrag til kommunen frå denne posten. Om det ikkje ligg til rette for tildeling i februar har vi elles erfaring for at det også er sjansar for innsmett mot slutten av året, då det ofte er omfordeling mellom ulike prosjekt og ein kan få supplerande tildelingar.
- Tildeling av skjønnsmidlar. Statsforvaltaren har fordelt storparten av ramma for 2023, men det står att ein del som blir fordelt i oktober 2023. Kommunen vil ha opning for å søke dekning av arbeid med verneplanen også seinare år, ev. i etterkant basert på det faktiske arbeidet.

Ut i frå dette vil det vere vanskeleg å kunne gi forpliktande tilbakemelding om økonomi på det stadiet vi er i no. Vi håpar difor Ørsta kommune ikkje lar dette vere avgjerande for aksept eller ikkje. Dersom oppstarten blir forseinka vil kommunen også miste ressursgevinsten for kommunen sitt kommuneplanarbeid, jf. førre overskrift.

Frivillig vern av skog

Eit element vi ønskjer å framheve før kommunestyret skal handsame saka er at grunneigarane har avgjerande makt i avgrensinga i dei bygdenære områda. Dersom skogareal skal inngå i verneområdet i Sunnmørsalpane er det ein føresetnad frå regjeringa at dette skal vere frivillig frå grunneigarane si side. Ønskjer ikkje grunneigarar vern av skog er det difor uaktuelt å verne dette mot deira vilje. Om enkeltgrunneigarar er negativ til vern vil det også kunne påverke avgrensinga for andre, då vi må ta omsyn til korleis verneområdet blir arrondert totalt sett. I kartutsnittet nedanfor er arbeidsgrensa ein har tatt utgangspunkt i så langt vist saman med skogareal (grøn) henta frå AR5.





Kommunen sin påverknad på utfallet av verneprosessen

Etter prosessreglane som følgjer av naturmangfaldlova har kommunen ingen formell vetorett. Vernevedtak blir fatta av Kongen i statsråd, og kommunen si vurdering er å sjå som eit råd til regjeringa når dei skal ta stilling til om saka skal leggst fram der eller ikkje. At oppdraget frå regjeringa legg så stor vekt på å avklare lokal aksept i forkant av verneplanarbeidet gir eit tydeleg signal om at kommunen sitt syn vil vege tungt også når forslaget er utarbeidd og verknadene er synleggjort. Dei områda som regjeringa har gitt oppdrag om å starte arbeidet med ligg også alle i kommunar der ein etter uformelle sonderingar har oppfatta at kommunane i utgangspunktet ikkje er avvisande til vern. Det er elles eit poeng at Ørsta kommune er åleine om Sunnmørsalpane slik arbeidsavgrensinga ser ut så langt.

I saksgangen for vern etter naturmangfaldlova er det berre to formelle uttaletidspunkt (oppstart og høyring). Ut over dette kan kommunen gi ytterlegare innspel både til Statsforvaltaren, Miljødirektoratet og departementet fram mot at regjeringa tar endeleg stilling til om saka skal leggst fram for Kongen i statsråd.

Statsforvaltaren har tru på at vi gjennom ein god verneprosess vil kunne finne fram til den rette balansen mellom bruk og vern av Sunnmørsalpane slik at vi kan tilrå oppretting av delar av Sunnmørsalpane som «Sunnmørsalpane verneområde».

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
assisterande miljøverndirektør

Bjarne Otnes
fagleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent